HOLSEN GRENDALAG

Referat frå årsmøtet 2018 i Holsen Grendalag

11.03.18 kl. 20:00

Møtestad: Holsen Skule

Alle i styret møtte: Sveinung Nydal, Stig Arve Holsen Foss, Øystein Holsen, Hanne Høgseth og Trine Renate Vallestad

Det møtte 11 personar i tillegg til styret.

Sakliste:

Sak 1. Konstituering

a) Godkjenning av innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste vart godkjent.
b) Val av møteleiar: Sveinung Nydal
c) Val av referent: Trine Renate Vallestad
d) Val av to til å skrive under møtebok: Kay Egil Heimestøl og Ingly Johanne Sunde
e) Val av teljekorps: Jan Solsvik og Gro Reiersgård

Sak 2. Årsmelding 2017

Leiar las årsmeldinga.

Kommentarar:
Breiband: Dette er ikkje på plass innover Nydalen, må vente til isen er vekke. Det er heller ikkje alle andre stader i bygda dette er på plass.

Sak 3. Rekneskap 2017

Kasserar las opp rekneskapen.

Kommentarar:
Bra årsregnskap – overskot også om ein ser vekk frå inntektene frå adventsbasaren. Har dermed litt handlingsrom, også med ungdomskontoen som kan nyttast til eit godt formål i framtida.

Sak 4. Budsjett

Kasserar las opp budsjettet for 2018.

Kommentarar:
Det kunne vore presisert at av det budsjetterte underskotet på kr 53 600, er det kr 45 000 som blir belasta veglys medan resten av underskotet går mot øvrige postar.

Kostnaden ved drift av eksisterande veglys vil auke framover. For framtida vil det også bli vanskelegare å få kommunen til å dekke straumutgiftene for nye lyspunkt. Ein burde etterkvart begynne å setje av penger til vedlikehald og drift. Det burde vere eit minimumsbeløp tilgjengeleg. Av inntektene frå adventsbasaren kan noko gå til vedlikehald og noko til oppsett av nye lys.

Det er nesten klart for oppsett av nye veglys i Vettereiene. Lysnemnda bør begynne søkeprosessen. *Svar:* det kan vere lurt å konsentrere seg om eit prosjekt av gangen.

Sak 5. Innmeldte saker

1. 17. mai-arrangement

Denne saka vert behandla under sak 6, saker frå styret

2. Rydding av boss langs vatn, elvar og vegar i bygda

Styret tenker å legge ut ei oppmoding til privatpersonar om å plukke boss ute i naturen. Det er vanskeleg å ordne dette i arrangerte former, hovedsakeleg grunna strenge reglar for arbeid langs vegane.

3. Autovern Høgset-Skjelset og Høgsetbukta

Som nevnt i årsmeldinga står dette framleis på behovslista. Styret er i kontakt med vegvesenet ein gang eller to for året for å sjekke status.

Kommentarar:
Dei (Statens Vegvesen) har lova oss dette for ein del år sidan. Det viktigste argumentet er at dette er ein skuleveg. Desse skal prioriterast, spesielt langs vatn.

4. Oppmoding til bruk av grendalaget si side på Facebook

Saka er ei oppmoding om at dei forskjellige komiteane (adventsbasar, jonsokfeiring m.m.) må nytte sida som grendalaget har på Facebook ved arrangement.

Kommentarar:
Det er ikkje alle som er på Facebook, så det er viktig å nytte andre kanalar også.

Svar frå styret: vi jobbar med å få til ei heimeside som skal spegle alt det som vert lagt ut på Facebook-sida. På den måten kan alle følgje med, uavhengig om dei er på Facebook eller ikkje.

Sak 6. Saker frå styret

1. 17. mai-arrangement

Styret las opp det innkomne brevet, som var ei oppmoding til årsmøtet om å diskutere rammene rundt 17. mai-arrangementet. Det vart vedteke på årsmøtet 01.03.2015, å ha arrangement kun på dagtid i 4 år; dvs. til og med 17. mai 2018. Vi må derfor avgjere korleis arrangementet skal vere frå 17. mai 2019.

Kommentarar:
Det er feil at informasjonen om dette valet kun har gått via Facebook. Dette er for viktig til at det skal avgjerast av så få som vi er her. Slik informasjon må ut slik at den når alle, så får dei som er interesserte møte opp og stemme. Saker frå styret kan med fordel opplysast om i innkallinga til årsmøtet.

Det kom forslag om at kvar komité kan bestemme dette sjølve.
Svar: det blir voldsomt at dette skal takast opp kvart år, vi kan risikere at ingen vil vere i komiteen lenger. Det må vere anten eller, og eit årsmøte må avgjere dette. Ein bør også bestemme dette for fleire år framover enn berre fire.

Det kom også forslag om å utsetje saka til årsmøtet 2019, men at ein bestemmer at 17. mai 2019 vert halde kun på dagtid som dei siste åra.
Svar: Av respekt for vedkommande som meldte inn saka, bør dette avgjerast før 17. mai 2019 skal planleggast. Ein kan halde eit ekstraordinært årsmøte eller liknande på hausten, der ein tek opp denne saka. Det vert i så fall i god tid før neste års komité set i gang.

Vedtak:
Det vart samrøystes vedteke at det skal haldast eit grendamøte mde besutningsmynde i løpet av hausten 2018. På dette møtet skal det avgjerast korleis framtidige 17. mai-arrangement i bygda skal vere frå 17. mai 2019.

2. Endring i vedtektene

Framlegg frå styret om å ta vekk siste linje i §1 i vedtektene frå 1987, som seier: «Laget sine arrangement i bygda skal vere rusfrie». Dette for å ha fleksibilitet og mulighet til å halde ulike typar arrangement.

Kommentarar:
Det var enighet i at grendalaget burde ha mulighet til å halde ulike typar arrangement.

Det kom forslag om å omformulere setninga, i staden for å ta den vekk. Det å presisere at enkelte arrangement skal vere rusfrie, gjev ei bevisstgjering i laget om at det er enkelte

arrangement der dette ikkje skal vere tema – i motsetning til det å berre fjerne linja.

Vedtak:
Det vart samrøystes vedteke å omformulere den nevnte setninga i vedtektene til følgjande:

«Laget sine fellesarrangement, som 17. mai, jonsokfeiring og andre arrangement der mindreårige er tilstades, skal vere rusfrie».

3. Adresseplan Førde kommune

Førde kommune har lagt adresseplanen ut på høyring, med høyringsfrist 6. april. Etter årsmøtet i 2017, sendte styret inn følgande forslag på vegne av Holsen grendalag:

- Parsell 2-4 (hovudvegen): Holsen / Holsenvegen
- Parsell 2-5: Skorpevegen
- Parsell 2-6: Fletene
- Parsell 2-7: Høgsetbukta

Forslaget frå Førde kommune er i tråd med forslaga som vart sendt inn frå Holsen grendalag, bortsett frå hovudvegen – parsell 2-4. Høyringsforslag til namn på denne vegen er framleis ikkje bestemt, men kommunen har foreløpig satt opp «Gaularvegen» eller «Gaularfjellsvegen». Dei vil gå i dialog med Gaular kommune vedrørande endeleg forslag. Det vil bli svært høge adressenummer for dei i Holsen som bur langs Gaular-/Gaularfjellsvegen, då denne byrjar i Balestrand.

Styret vil på vegne av grendalaget komme med motsvar på dette, og argumentere for at vegen bør heite «Holsen» gjennom bygda. Øystein las opp høyringsinnspelet frå styret.

Kommentarar:
Det er vanskeleg å argumentere i mot det som vert kommentert i høyringsinnspelet. Uansett kva utfallet blir, har styret fulgt opp det vi bestemte på førre årsmøte og gjort det dei kan for at vi skal bli høyrde.

4. Breibandsnemnda

Breibandsnemnda vart oppretta ved årsmøtet 31.01.2016. Nemnda hadde som mål å sikre bygda sine interesser i forbindelse med utbygging av breiband i Holsen. Sidan arbeidet er kome så langt som det er, er det ikkje lenger behov for nemnda. Styret sitt forslag var derfor å løyse opp breibandsnemnda.

Vedtak:
Det vart samrøystes vedteke å løyse opp breibandsnemnda.

5. Orienteringssaker:

1. *Parkering:* Styret las opp ein e-post som rektor har sendt til leiarane av laga som held til i grendahuset på kveldstid. I e-posten gir ho ei påminning om at rundkøyringa ved skulen ikkje skal nyttast som parkeringsplass. Store bilar har problem med å snu – dette er spesielt aktuelt på vinterstid då brøytebilen er aktiv, men gjeld også elles i året. Ho ber dermed leiarane oppmode sine brukarar av grendahuset til å nytte parkeringsplassen.

   Kommentar:
   Førde kommune som har mynde kan eventuelt setje opp eit skilt «parkering forbode».

2. *Arealplan:* Førde kommune held no på å rullere arealplanen i kommunen. Det er kome eit uformellt innspel frå eit medlem i planavdelinga, om at det vil vere ein fordel om bygda kunne ha peika ut områder/større areal som dei kan skredkartlegge. Dette sidan heile Holsen er raudt på NVE sine skredfarekart, og kommunen kan derfor ikkje godkjenne noko utan at det har vore geolog involvert.

   Dette er kun eit innspel til orientering; det er ikkje noko grendalaget kan gjere i denne saka, då det er opp til grunneigarane.

Sak 7. Tiltakspris

Det er foreløpig ikkje komt inn forslag om kandidatar til tiltaksprisen 2017. Styret set frist til 15. april for å nominere kandidatar.

Sak 8. Val etter § 5 i vedtektene

Valnemnda ved Aud Røstenskar leia valet.

Forslaga frå valnemnda var følgjande:

Styret:

Leiar for eitt år: Sveinung Nydal (attval)
Styremedlem for to år: Stig Arve Holsen Foss (attval)
Styremedlem for to år: Hanne Høgseth (attval)

Øystein Holsen og Trine R. Vallestad stod ikkje på val.

Vara:

Hildegunn Kvamme og Henriette Nydal

Revisor:

Johannes Fleten og Atle Holsen

Valnemnd:

Helen Sørsund	1 år
Gro Reisergård	2 år
Nikolai Holsen	3 år

Vara: Karin Svoen

Forslaga frå valnemnda vart einstemmig vedtekne.

Godkjenning av møtereferat:

Ingly Johanne Sunde

Kay Egil Heimestøl